



1991  
*No skin det att*  
av Vibe Skovly  
musikk av Torstein  
Haugen

Gerit Haukoba  
Vivi Sundø  
Sigv Johannessøn  
Jørgensen

ÅRSMELDING  
*Teatret Vårt*  
2002

TEATRET VÅRT - AS REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

## **INNHALD**

Teatret Vårt 2002	side 3
Styret si årsmelding	side 6
Generalforsamling	side 6
Resultatrekneskap	side 8
Balanse pr. 31.12.	side 9
Notar	side 10
Revisjonsmelding	side 12
Statistikk	side 13
Repertoar	side 14
Amatørteaterdrifta - kursavdeling	side 17
Personalet ved Teatret Vårt	side 18

## TEATRET VÅRT 2002

### Økonomisk resultat

Rekneskapen for Teatret Vårt syner eit driftsresultat på 260.024,-.

Det ordinære resultatet etter finansielle postar var på 405.299,-. Teatret bokfører eit tap på konkursen i Tom Rasmussen Produksjoner AS og ekstraordinære kostnader i samband med vatnskader på eit husvære teatret leiger. Dei ekstraordinære kostnadene var på 134.547,-.

Dette gjev eit resultat for 2002 på 270.752,-.

Overskotet blir avsett til å auke eigenkapitalen som gjer at ein 31.12.2002 har ein (positiv) eigenkapital på 1.097.727,-. 550.000,- av dette er aksjekapital.

Resultatkravet blei sett ned for 2002 i og med at den økonomiske snuoperasjonen var gjennomført. Teatret har gjenoppretta ein "normaltil-

stand" for drifta, og ein har som målsetting å gjere opp årsrekneskapane i åra framover i balanse eller med moderate overskot. Eigenkapitalen gjev institusjonen fridom som ein ikkje har hatt på svært mange år, og ein kan fortsette å gjere heilt naudsynte investeringar. Teatret prioriterer streng kostnadskontroll også i åra framover.

### Ambisjonar

Teatret har ambisjonar for den kunstnarlege verksemda si. Allereie i 2002 gjorde den nye økonomiske stoda det mogleg å auke aktiviteten ved Teatret Vårt monaleg. Vidare blei to store produksjonar gjennomførte med fleire skodespelarar på scenen enn det som har vore vanleg ved teatret dei siste åra. Meldarane har vore særst positive gjennom heile året. Det gjeld både lokal og nasjonal presse.

*Lomman fulle av stein* av Marie Jones og *Ordet* av Kaj Munk var kunstnarlege sigrar for teatret. I tillegg til det høge faglege nivået er det verdt å merke seg at begge produksjonane trekte gode hus i opent sal.

*Harun og historienes hav* av Salman Rushdie var teatrets ambisiøse barneteater-framsyning i 2002. Skodespelet vart sett av meir enn 19000 barn, dei fleste gjennom fylkeskommunen si Kulturniste-ordning. Rollelista besto av skodespelarar med ulik etnisk bakgrunn – eit av dei første eksempla på såkalla "blind casting" i Noreg. For dette blei teatret heidra med Stikkordet si rose (Nr. 3, 2002). Framsyninga blei godt motteken av presse og publikum, og ho gjesta alle 38 kommunar i fylket.

### Publikumstalet

2002 er eit rekordår i teatret si historie. Aldri har så mange menneske sett teatret sine framsyningar. 248 framsyningar blei gjeve for 39306 tilskodarar. Det er ein vekst

på 21% frå 2001.

Hovudårsaken til den store veksten dei siste åra er sjølvstekt Kulturnista – Møre og Romsdal sin variant av Den kulturelle skulesekken. På nittitalet låg eit "normalår" for Teatret Vårt på om lag 20000 tilskodarar. Går ein inn i tala

for 2002, vil ein sjå at Kulturnista er kome som tillegg til dette. Teatret kjem likevel ikkje til å setje eit så høgt publikumstal som mål. I framtida kan ein godt velje å leggje tyngdepunktet over på vaksenpublikumet ein einskild sesong, for så sesongen etter å ha ei tung satsing på barn og unge. Teatret sine ressursar rekk ikkje til at ein kan prioritere alle publikumsgrupper samstundes. Det betyr at ein altså ikkje kan vente at publikumstala vil vere heilt stabile i åra framover. Viktigare enn absolutte tal vil då vere om ein har makta å oppfylle eigne mål for den perioden det er tale om.



*Lomman fulle av stein: Aksel Hennie og Mads Ousdal.*

## Det beste teatret kan skapast kvar som helst

Henning Mankell seier i eit jubileumsintervju om tida si ved Teatret Vårt: "Det som kjenneteikna Teatret Vårt var trua på at det beste teatret, det kan skapast kvar som helst." Dette Mankell-sitatet er blitt noko av eit motto for oss.

Det tyder ikkje at det beste teatret heile tida blir skapt kvar som helst, til dømes i dei såkalla distrikta.

Poenget er at det kan skapast der - og altså til dømes i Møre og Romsdal. Dette kan det vere nyttig å hugse på frå tid til annan. Særleg har desse orda tala til oss i året som gjekk, og teatret tok del i det offentlege ordsiftet i samband med utgreiinga "Etter alle kunstens regler". Da regionteatra blei grunnlagt i syttiåra, var det ein stor og framtidsretta kulturpolitisk reform. Ein innsåg at teater i distrikts-Noreg ikkje

berre handlar om distribusjon av kvalitetsframsyningar frå dei store byane. Teater er ein kunststart som alltid må vere ein del av det samfunnet det skal spegle. Derfor må det også skapast teater i alle delar av landet. I løpet av tretti år har Teatret Vårt blitt ein naturleg del av livet i regionen. Verksemda utgjer ein like viktig del av den kulturelle infrastrukturen i Møre og Romsdal som teatra i dei store byane utgjer på sine heimstader.

Til grunn for den entusiasmen som lokale politikarar la for dagen for tretti år sidan då teatret vart skipa, var trua på kulturpolitikk som verkemiddel i den allmenne politikken. Ein var oppteken av å gjere lokalsamfunna attraktive. Ein treng meir enn berre arbeidsplassar og barnehagar for at folk skal ville slå seg ned og trivast. Dette er innsikt som framleis gjeld.

## Jubileumsfeiring

Hausten 2002 feira Teatret Vårt 30 år.

Høgdepunkta i feiringa var jubileumsframsyninga *Ordet* av Kaj Munk i regi av Christoffer Berdal, og festframsyninga *Mannsalder* i det nyopna Bjørnsonhuset i Molde. I samband med jubileet blei det arrangert historiske tilbakeblikk i form av kaféteater og samtaleprogram. Teatret si historie blei presentert på

internettsida, og fleire aviser gav teatret fylldig dekning i høve jubileet og NRK gjorde det same. Sjølve 30 års dagen 15. oktober blei markert med eige arrangement i Ørsta. Nett i denne kommunen var det teatret hadde sin aller fyrste premiere 15. oktober 1972. Jubileet blei ei viktig manifestering av den plassen teatret har fått i folk sitt medvit. For teatret sine eigne folk blei denne feiringa med på å styrke den teaterhistoriske kunnskapen, og gav oss ein innsikt i teatret sin eigen tradisjon. *Mannsalder* var også ramme for utdelinga av Hedda-prisane for 2002. I samband med det var heile den norske teaterbransjen samla i Molde den helga framsyninga gjekk av stabelen.

## Magic-Net – europeisk inspirasjon

Som einaste norske teater er Teatret Vårt medlem av teaternettverket Magic-Net.

Dette er eit prosjekt som går over tre år og som er delfinansiert gjennom EU-kommisjonen sitt Culture 2000-program. Tema for prosjektet er klassikarar for ungdom. Kva er det i den klassiske tradisjonen som det er så naudsynt å bringe vidare til nye generasjonar? Korleis gjer vi det? Målgruppa er ungdom i alderen 15-25 år. Teatra i Magic-Net driv utveksling av gjestespel, workshops og kurs. Ungdomsgrupper tar del mellom anna i det årlege fellesmøtet Annual Meeting. 2002 var det fyrste året i prosjektperioden og allereie i 2003 skal fleire samproduksjo-



Harun og Historienes hav:  
1. rad Pål Rønning og Jon Poindexter,  
2. rad Toni Usman og Samir Zedan, 3. rad Kari Reigstad,  
4. rad Sophia Kaushal og Gøril Haukebo.

nar finne stad. Teatret Vårt er involvert i fleire.

I 2002 reiste representantar frå Teatret Vårt til England (London og York) og til Tyskland (Frankfurt Oder) med utdrag frå *Hedda Gabler*. Framsyninga hausta stor åtgåum, og teatret blei særleg rost for sine skodespelarprestasjonar. Dette internasjonale arbeidet er til inspirasjon for alle som jobbar ved Teatret Vårt. Vi trur det kan gi oss viktig impulsar og vere ein målestav også i det kunstnarlege arbeidet. Å oppretthalde kontaktnettverket også etter at prosjektperioden er over blir ei viktig oppgåve i åra som kjem. Vår erfaring er at sjølv om vi arbeider med "taleteater", er teaterkunsten ein internasjonal kunstart. Norske skodespelarar og teaterkunstnarar har ingenting å skamme seg over. Teatra bør gå aktivt ut og oppsøkje samanhengar som gjev oss impulsar utanfrå og sjølvtilitt og innsikt om eigen ståstad.

### Nye utfordringar for norsk teater

Konkurransen om folk si tid er hard. Underhaldningsindustrien, nye media og aukande reiseverksemd utfordrar teatra. Det er vanskeleg å synast. Å trengje gjennom støyen er krevjande. Ein ser både korleis kultur og underhaldning vert globalisert og kommersialisert. Alt tyder på at både små og store teater har store utfordringar i åra som kjem.

Fleire forskarar meiner det er ei utvikling i retning av at publikum meir og meir vert erstatta av konsumentar.

Publikumslojaliteten forvitrar, meiner dei. Desse forskarane meiner at framveksten og satsinga på festivalar er eit døme på dette. Teatra skal på si side vere eit kulturtilbod i kvardagen, heile året igjennom.

Framtida for norsk teater vil vere avhengig av på kva måte vi taklar dei nye utfordringane. Teatret Vårt arbeider målmedvete med å

fornye seg. Vi meiner å sjå ein auka publikumslojalitet og stigande identitetskjenle. Det er slik sett ikkje sikkert at det er dei små distriktsteatra som er mest utsette i konkurransen.

Likevel vil Teatret Vårt leite etter nye strategiar for å komme publikum i møte.

Turnépolitikken har vore lagt noko om.

Takka vere Kulturnista kan teatret nå alle kommunar i fylket. Utfordringa her er å unngå at det obligatoriske skoleteatret vert ei sovepute og at teatret sluttar å utvikle seg

kunstnarleg.

Det er derfor teatret vedtok å opprette ei eigen formidlingseining som skal arbeide med barn og unge. Einiga vil koordinere pedagogiske opplegg i samband med framsyningane og gjere lærarar og elevar betre skoleteater i teater som kunst.



Ordet: Ola B. Johannessen og Bjarte Hjelmeland. I bakgrunnen Randolph Walderhaug, Ine Jansen og Cassandra Frisvoll.

Den store utfordringa i åra som kjem, vil vere dei tradisjonelle spelferdene. Korleis maktar ein å utvikle kjensla av å eige teatret i alle delar av fylket? Korleis kan Teatret Vårt leve opp til namnet sitt i dag?

Teatret vil understreke at om lag 70% av framsyningane og publikum er utanfor Molde. Teatret er eit turnérande teater og vil alltid måtte vere det.

### Samarbeidsteatret

Teatret Vårt samarbeider aktivt med ulike institusjonar lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Dette er klart i pakt med dei kulturpolitiske måla departementet har sett.

I Molde kommune deltek Teatret Vårt i Molde Kulturforum, ein paraplyorganisasjon for dei profesjonelle kulturinstitusjonane i byen: Jazzfestivalen, Bjørnsonfestivalen, Kunstnarsenteret m. fl.

Teatret Vårt utfører økonomiske/administrative tenester for Bjørnsonfestivalen.

Skodespelarar frå teatret deltek aktivt i

arrangementa under festivalen.  
Opningsframsyninga under festivalen i 2002 var produsert av Teatret Vårt.

Teatret er representert i Jazzfestivalen sitt representantskap. Teatersalen er ein av kon-  
sertstadene under festivalen.

Teatret er medlem av Molde Næringsforum og samarbeider med ulike delar av Moldes næringsliv.

Teatret Vårt er Riksteatret sin arrangør i Molde.

Teatret Vårt arrangerer samordningsmøte med andre viktige kulturinstitusjonar i fylket: Operaen i Kristiansund, Teaterfestivalen i Ålesund, Aasen-tunet i Ørsta, Høgskolen i Volda.

Teatret er representert i styret for Ålesund Teaterfestival. Teatret har påteke seg administrative og kunstnarlege oppgåver for festivalen. Teatersjefen sit i festivalens programkomite. Teatret sine framsyningar utgjer ein stor del av programmet under festivalen.

Teatret Vårt har inngått samarbeidsavtale med Sunndal Kulturfestival og Jazzå-teatret. Teatret har vore med å produsere *Lady Arbutnot* på Sunndalsøra i to år.

Jubileumsframsyninga *Ordet* av Kaj Munk blei til i samarbeid med Trøndelag Teater. Tre av ti skodespelarar kom frå Trøndelag Teater.

Det internasjonale samarbeidet skjer gjennom nettverket Magic-Net. Teatret er medlem av EUNetART, ein europeisk paraplyorganisasjon for kunstproduksjon og formidling for barn og unge.

### **Framtida**

Fleire forhold gjer at teatret for tida legg opp til å planlegge drifta på lengre sikt. For det første er økonomien i teatret sunn. For det andre har teatersjefen takka ja til ei forlenga periode (ut 2007). Dette gjer det mogleg å planlegge fem år fram i tid. Fleire milepælar er alt satt. Viktigare enn dei konkrete repertoarplanane er naturlegvis profilen og retninga teatret skal ta kunstnarleg. Kvar går balansen mellom dei ulike innslaga på repertoaret? Kor stor rolle skal Kulturturnista spele i drifta osb. Korleis kan ein nytte dei impulsane som det internasjonale samarbeid

det gjev? Korleis skal teatret ta vare på posisjonen som ein viktig rekrutteringsstad for skodespelarar og andre kunstnarar i tida framover?

Teatret ser optimistisk på framtida. Arbeidet dei siste åra gjev oss trua på at det er mogleg å utrette mykje når viljen er tilstades.

Teatret meiner det har synt det har kunna rydde opp i eige hus, og at tida nå er inne til ein viss ekspansjon.

## **STYRET SI ÅRSMELDING**

### **Selskapet**

AS Regionteatret i Møre og Romsdal har som formål å drive teaterverksemd i Møre og Romsdal fylke. Selskapet sitt forretningskontor er i Molde kommune.

### **Generalforsamling**

Generalforsamling i AS Regionteatret i Møre og Romsdal vart halden i Teaterhuset Forum 30. mai 2002

Tilstades var:

Ole E. Øverland

Møre og Romsdal fylkeskommune

Harald Samseth, fullmakt

Molde kommune

Leif Lagesen, fullmakt

NUMØR

Elles møtte:

Elen Lein, styreleiar

Carl Morten Amundsen, teatersjef

Knut Lidvard Høgset, adm.sjef

Rekneskap og årsmelding vart samrøystes vedteke. Generalforsamlinga tok til etterretning kven som var oppnemnde som styremedlemmer.

### **Styret**

Styret hadde i 2002 sju styremøte og handsama i alt 32 saker.

Styret hadde slik samansetjing:

Som representantar frå staten:

Elen Lein styreleiar

Gunnar Hals styremedlem

Heidi Løklingholm styremedlem

Arild Hervik styremedlem

Bjørn Michelsen (fra mai -01) 1. varamedlem

Liv Stette 2. varamedlem

Som representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune:

Ottar Brage Guttelvik styremedlem  
Aud Folkestad varamedlem

Som representantar frå Molde kommune:

Per Kåre Trengereid nestleiar  
Lars Oltedal varamedlem

Som representantar for dei tilsette:

Vivi Sunde styremedlem  
frå 10.6. Gøril Haukebø  
Halvard Fiksdal varamedlem/  
observatør,  
frå 10.6. Finn Landsperg

### **Representasjon**

Stiftelsen Bjørnsonfestivalen:  
Styremedlem: Carl Morten Amundsen

Stiftelsen Ålesund Teaterfestival:  
Styrelleiar: Knut Lidvard Høgset

AS Reknesparken Sommerteater:  
Avviklingsstyre:  
Styrelleiar: Reidar Høidal  
Medlem: Knut Lidvard Høgset

Selskapet blei avvikla i 2002. Det vart sletta  
frå Brønnøysundregistra 13. juli 2002.

Norsk Teater- og orkesterforening:  
Varamedlem i styret: Elen Lein

### **Arbeidsmiljø og organisasjon**

Arbeidsmiljøet i 2002 har vore godt.

Det totale sjukefråværet i år 2002 har vore  
1,15 årsverk. Det er ikkje rapportert om ska-  
dar eller andre ulykker.

Teatret si verksemd ureinar ikkje det ytre  
miljø.

### **Økonomien i selskapet**

Teatret Vårt hadde i år 2002 eigeninntekter  
og tilskott på til saman 20.347.503,-.  
Totalte tilskott utgjorde 16.395.000,- for-  
delt med 11.458.000,- frå stat, 2.456.000,-  
frå Møre og Romsdal fylkeskommune og  
2.456.000,- frå Molde kommune. I tillegg  
fekk teatret ei gåve frå kultur- og kyrkjede-  
partementet på 25.000,- i høve teatret si 30.  
års markering.

Driftsresultatet er på 260.024,-. Resultat av

finanspostane er på kr 145.275,- som skul-  
dast god likviditet. Ekstraordinære kostna-  
der på kr 134.547,- er knytt opp mot tap på  
konkursen i Tom Rasmussen Produksjoner  
AS og kostnader i samband med vatnskader  
på eit husvære teatret leiger.

Eigenkapitalen var ved inngangen til 2002  
på 826.975,-. Overskottet på 270.752,- blei  
avsett til annan eigenkapital. Ved utgangen  
av 2002 har teatret ein eigenkapital på  
1.097.727,- der 550.00 er aksjekapital.

Årsrekneskapen for 2002 er satt opp under  
forutsetnad om fortsatt drift.

## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2002 Rekneskap	2002 Budsjett	2001 Rekneskap
<b>I Driftsinntekter</b>				
Billett- og programsal	2	3 162 400	3 186 250	2 768 916
Andre inntekter		790 103	568 250	409 244
Driftstilskott	3	16 395 000	16 370 000	16 110 497
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>20 347 503</b>	<b>20 124 500</b>	<b>19 288 657</b>
<b>II Driftskostnader</b>				
Kostnader arbeidskraft	4, 5, 6	11 828 918	12 507 100	9 797 106
Materialkostnader		675 037	579 400	744 066
Sal- og informasjonskostnader		766 942	691 830	665 856
Andre driftskostnader		3 386 661	2 924 138	2 547 991
Kostnader lokale		1 895 150	1 919 048	1 751 014
Kostnader turne		1 016 916	1 094 305	1 486 734
Vedlikehold og ombyggningskost.		37 755	43 000	23 413
Utstyrskostnader		80 100	83 779	37 931
Avskrivningar		400 000	350 000	224 000
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>20 087 479</b>	<b>20 192 600</b>	<b>17 278 111</b>
<b>III Driftsresultat</b>		<b>260 024</b>	<b>-68 100</b>	<b>2 010 546</b>
<b>IV Finansielle postar</b>				
Finansinntekter		255 932	180 000	283 592
Finanskostnader		110 657	111 900	205 220
<b>Resultat av finansielle postar</b>		<b>145 275</b>	<b>68 100</b>	<b>78 371</b>
<b>V Resultat før EOP</b>		<b>405 299</b>	<b>0</b>	<b>2 088 917</b>
<b>VI Ekstraordinære postar</b>				
Ekstraordinære inntekter		0	0	0
Ekstraordinære kostnader	7	134 547	0	181 944
<b>Resultat av ekstraord. postar</b>		<b>-134 547</b>	<b>0</b>	<b>-181 944</b>
<b>VII Resultat</b>		<b>270 752</b>	<b>0</b>	<b>1 906 973</b>

## BALANSE pr. 31.12

	NOTE	2002	2001
<b>Anleggsmidler</b>			
Varige driftsmidler	8	1 855 301	1 409 387
Depositum		0	0
Leigebuarinnskot Skrenten		0	0
Stiftelsen Bjørnsonfestivalen		10 000	10 000
Stiftelsen Ålesund Teaterfestival		3 000	3 000
Stiftelsen Schwittersdagene		5 000	5 000
KLP		57 777	57 777
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>1 931 078</b>	<b>1 485 164</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
Andre kortsiktige fordringar		378 155	289 052
Depositum, leigebuarinnskot		25 987	13 888
Debitorar		155 461	360 953
Kasse, bank		1 813 343	2 903 738
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>2 372 945</b>	<b>3 567 630</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLAR OG OMLØPSMIDLAR</b>		<b>4 304 023</b>	<b>5 052 794</b>
<b>Eigenkapital</b>			
Innskutt eigenkapital			
Aksjekapital (275 á 2.000)	9	550 000	550 000
Opptjent eigenkapital			
Annan eigenkapital		547 727	276 975
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>1 097 727</b>	<b>826 975</b>
<b>Langsiktig gjeld</b>			
Lån Fokus Bank		533 127	1 558 013
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>533 127</b>	<b>1 558 013</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Kassakreditt		0	0
Kreditorar		876 204	849 693
Anna kortsiktig gjeld		139 082	132 417
Skuldig feriepengar m.m.		832 536	792 533
Skuldig offentlege avgifter		825 347	893 163
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>2 673 168</b>	<b>2 667 806</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>4 304 023</b>	<b>5 052 794</b>

## NOTAR

### Note 1: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapslova er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk for små føretak. Desse rekneskapsprinsipp er brukt: Variabel tilverkingsskost for eigentilvirka varer, FIFO-metoden for tilordning av anskaffelseskost for ombytelege finansielle egedelar, lågaste verdi prinsipp for marknadsbaserte finansielle omlaupsmidlar, forsikra pensjonsforpliktingar er ikkje balanseført -kostnadene er lik premien. Leigeavtalar er ikkje balanseført.

### Note 2: Billettintekter

	Billett
Kafeteater	51 500
Boka mi	21 210
Kurs etterutdanning	2 300
Lomman fulle av stein	565 655
Tilbake til Venus	509 265
Barnlige lyst	16 860
Det tredje tegnet	350
Ordet	474 440
Harun og historienes hav	1 358 870
Bjørn D.	16 200
Mannsalder	84 500
Nittenhundre	10 875
Espresso	1 400
Markblomster og potteplanter	3 075
En lystig aften	45 400
Annet	500
<b>Sum</b>	<b>3 162 400</b>

### Note 3: Tilskott

Statstilskottet, jf. Kap. 324, post 71 er på 11 458 000,-, samt ei gåve på 25 000,-. Tilskott frå Molde kommune er på 2 456 000,- og tilskott fra Møre og Romsdal fylkeskommune er på 2 456 000,-.

### Note 4: Godtgjersle

For perioden 01.01.02 til 31.12.02 er det utbetalt honorar til styret med 40.980,-.

Løn til teatersjef 498.523,-.

Revisor har motteke følgjande godtgjersle for ordinær revisjon 26.000,- og 5 000,- i konsulent honorar.

### Note 5: Lønskostnader

	2002	2001
Løningar	8 537 852	7 064 480
Arbeidsgivaravgift	1 319 010	1 076 163
Pensjonskostnader	1 126 274	792 873
Andre ytingar	845 782	863 590
<b>Sum</b>	<b>11 828 918</b>	<b>9 797 106</b>

### Note 6: Pensjonsforpliktingar

#### Ordinær tenestepensjon

Teateret Vårt har ordinær tariffesta tenestepensjonsordning dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Ytingane går fram av tariffavtalen i kommunal sektor og dei tilfredstiller kriteria for den såkalla "multiemployerplan" ved at den aktuariemessige risiko er fordelt mellom selskapa, kommunane og fylkeskommunane som deltar i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer - planar er den rekneskapsførde årlege pensjonskostnaden i år 2002 lik påløpt (netto) pensjonspremie. Framtidige utgifter vil bli påverka av risikomessige over - eller underskott på noverande og tidligare tilsette ved Teatret Vårt og i andre kommunar/føretak som inngår i ordninga. Utgiftene vil også være påverka av avkastning, lønnsvekst og utviklinga i grunnbeløpet i folketrygda.

#### AFP

I tillegg til den ordinære tenestepensjonsordninga kjem ytingar i form av avtalefesta pensjon til aldersgruppene frå 62 til 66 år.

AFP før 65 år blir dekt på pay-as-you-go basis gjennom ein utlikningsordning der alle arbeidsgivarar innanfor den enkelte arbeidsgivarorganisasjon same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget. Ordninga tilfredstiller kriteria til å bli kalla ein Multiemployer plan fordi den inneheld utlikningsordning av risiko mellom alle føretaka, kommunane og fylkeskommunane som deltar i ordninga. I tråd med internasjonal praksis for slike Multiemployer - planar er den regnskapsførte årlege pensjonskostnaden i 2002 lik det faktiske tilskottet. Tilskottet av 0,7 % av pensjonsgrunnlaget i 2002.

Dei berekna forpliktingar knytte til framtidige tjeneste- og AFP pensjonar med påslag for arbeidsgjevaravgift utgjær 961.000,-.

AFP etter 65 år er dekt med same tilskott i prosent av pensjonsgrunnlaget for alle arbeidsgivarar uavhengig av arbeidsgivarorganisasjon, og inngår i den (netto) påløpne pensjonspremie som tidlegare omtalt.

### Note 7: Ekstraordinær kostnad

Den ekstraordinære kostnaden på kr 134 547 består av fylgjande kostnadselement;

Tap på konkursen i Tom Rasmussen Produksjoner AS på 60 077,-

Vatnskade husvære på 74 470,-

**Note 8: Varige driftsmidler**

	<b>2002</b>
Anleggskostnader 01.01	3 951 079
+ tilgang i året	845 914
Anleggskostnader 31.12.	4 796 993
Tidligere avskrivningar	2 541 692
Årets avskrivning	400 000
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>1 855 301</b>

**Note 9: Aksjar og aksjonærer**

Selskapet sin aksjekapital er på 550 000,-  
fordelt på 275 aksjar á 2 000,-.

Aksjonærer er:

Møre og Romsdal fylkeskommune,  
132 aksjar

Molde kommune,  
132 aksjar

Norges ungdomslag, Møre og Romsdal,  
11 aksjar.

Molde den 13. mai 2003

Elen Lein  
styreleiar

Per Kåre Trengereid  
nestleiar

Ottar Brage Guttelvik  
Ottar Brage Guttelvik

Heidi Løklingholm  
Heidi Løklingholm

Gunnar Hals  
Gunnar Hals

Arild Hervik  
Arild Hervik

Gøril Haukebø  
Gøril Haukebø

Carl Morten Amundsen  
Carl Morten Amundsen  
teatersjef

## Sigmund Harneshaug Statsautorisert revisor

Rådhusstasen 1  
6413 MOLDE

Telefon: 71 11 54 51  
Telefax: 71 25 19 09  
Telefon: 71 11 93 00 – hovedkontor  
E-post: sigmund.harneshaug@molde.kommune.no  
Revisoren: 882 517 051

Til  
Generalforsamlinga i AS Regionteatret i Møre og Romsdal

Sted/dato

Molde, 16. mai 2003

### REVISJONSMELDING FOR 2002

Eg har revidert årsrekneskapen for AS Regionteatret i Møre og Romsdal for rekneskapsåret 2002 som syner eit årsoverskot på kr 270 752. Eg har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av overskotet.

Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar for selskapet. Min oppgåve er å vurdere og uttale meg om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Eg har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk. God revisjonsskikk krev at eg planlegg og utfører revisjonen slik at han gir meg den tryggleiken eg treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og internkontrollsystema i selskapet. Eg meiner at revisjonen min gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Eg meiner at:

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2002 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk.
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk.
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Offentlege tilskot er etter mi meining nytta i samsvar med Stortingets føresetnader.

  
Sigmund Harneshaug  
Statsautorisert revisor

## STATISTIKK 2002

Produksjon	Publikum	Framsyingar	For barn og ungdom	
			Publikum	Framsyingar
Lomman fulle av stein	5045	51		
Harun og historienes hav	19269	77	19269	77
Tilbake til Venus	1897	13		
BokaMi	770	12	770	12
Vakkert (Bonn)	400	2		
Ordet	5639	45		
Herr Sinclair drog over salten hav	3000	5		
Mannsalder	602	1		
Verdens beste Karlsson	160	2	160	2
Bjørn D.	457	7		
MagicNet/Hedda	260	7		
Markblomster og potteplanter	143	3		
En lystig aften	255	1		
Kaféteater og barnlige lyst	911	16		
Nittenhundre	345	3	345	3
<b>Sum</b>	<b>39306</b>	<b>248</b>	<b>20544</b>	<b>94</b>

### Framsyingar og billettinntekter

Publikum	39306
Framsyingar	248
Billettinntekter	3 162 400
Gj.snitt inntekt pr.bill.	80,45

### Totale driftsinntekter- og utgifter

Eigne inntekter	3 952 503
= prosent av totale driftsutgifter	19,7%

### Tilskott

Staten	11.458.000
Møre og Romsdal fylkeskommune	2.456.000
Molde kommune	2.456.000
Andre tilskott	25.000
<b>Samla tilskott</b>	<b>16.395.000</b>

### Fast tilsett personale

Teatersjef/administrasjon/ marknad	10 (7 heile)
Skodespelarar	3
Teknisk personale	7
Amatørteateravdeling	1
<b>Totalt fast tilsette</b>	<b>21</b>

Utgjer 18,9 heile stillingar

### Deltidstilsette

I tillegg til dei fast tilsette var det engasjert tilsaman 72 personar på deltid i løpet av året.

## REPERTOAR 2002



*Lomman fulle av stein: Mads Ousdal og Aksel Hennie*

### Lomman fulle av stein

av Marie Jones

Omsett av Øyvind Berg  
Dialektomsetjing: Kristian Lykkeslet  
Strømskag

Regi: Erik Ulfsby  
Scenografi: Arne Nøst  
Med: Mads Ousdal og Aksel Hennie

Inspisient: Christina Johannessen  
Lysmester: Finn Landsperg  
Tekniker: Kick Mentzoni

Premiere 30. januar Surnadal  
Totalt 47 framsyningar



*Harun og Historienes hav: Samir Zedan og Pål Rønning*

### Harun og Historienes hav

av Salman Rushdie

Omsett av Kari Risvik  
Dramatisering: Tim Supple og David  
Tushingam  
Omarbeidd for Teatret Vårt av Randolph  
Walderhaug  
Scenografi/kostymer: Thomas Bjørnager  
Regi: Randolph Walderhaug  
Med: Pål Rønning, Samir Zedan, Sophia  
Kaushal, Gøril Haukebø, Jon Poindexter,  
Kari Reigstad og Toni Usman

Musikk: Kjell Samkopf, A. Schnittke og  
Uforb

Inspisient: Bjørn Kalvatstvik  
Lysmester: Finn Landsperg  
Scenemester: Svein Larsen  
Rekvisitter: Bergliot Rørvik  
Kostymeavdeling: Åshild Mjåseth og Gerd.  
G. Austnes  
Verksted: Mathias Hammerø  
Sufflør/regiassistent: Edvard Breivik

Premiere 2. mars  
Totalt 77 framsyningar



*Tilbake til Venus:  
Vibecke Haagensen, Astrid Overaa og Ina Breivik*

### Tilbake til Venus

Kabaret av Small-Medium-Xlarge

Regi: Erik Ulfsby  
Koreografi og regiassistent: Hilde Sol Erdal  
Scenografi og kostymer: Birgitte Lie  
Med: Ina Breivik, Vibecke Haagensen og  
Astrid Overaa  
Kapellmeister: Gunnar Bjelland  
Musikarar: Geir Svinset (tromme) og Kjetil  
Gjelstenli (bass)  
Lyd: Kjetil Kristiansen (Lydkjeller'n)  
Lys: Finn Landsperg  
Inspisient: Roy Carlsen

Tekstforfattarar: Kjetil Indregard, Morten  
Lorentzen, Linn Skåber og SMXL

Moldepremiere 23. mai  
Totalt 15 framsyningar

### Boka mi

Litterært program for skolen i samarbeid  
med fylkeskommunen (Kulturnista)

Med: Randolph Walderhaug

Totalt 12 framsyningar



*Sinclairspelet: Bjørnar Teigen*

### **Sinclairspelet**

av Erling Pedersen

Musikk: Per Ottar Gjerstad

Regi: Erik Ulfsby

Scenografi: Gunnar Fretheim

Produsent: Sinclair-stiftinga i Rauma

Kunstnarleg ansvarleg: Teatret Vårt

Med: Bjørnar Teigen, Nina Andreassen, Pål Rønning, Håkon Ramstad, Arne Reitan og lokale aktører

Premiere 16. august på Klungnes i Rauma  
Totalt 5 framсыningar



*Ordet:*

*Ine Jansen og Randolph Walderhaug. Bak Ola B. Johannessen*

### **Ordet**

av Kaj Munk

Omsett av Hartvig Kiran

Regi: Christoffer Berdal

Scenografi: Marianne Nilsson

Dramaturg: Carl Morten Amundsen

Med: Ola B. Johannessen, Randolph Walderhaug, Bjarthe Hjelmeland, Thorir Sæmundsson, Ine Jansen, Harald Brenna, Vivi Sunde, Siren Jørgensen, Are Rødsand, Gøril Haukebø, Ellen Birgitte Johannessen, Cassandra Frisvoll og Pernille Eide Lindmo

*Ordet* vart produsert i samarbeid med

Trøndelag Teater  
Premiere 20. september  
Totalt 45 framсыningar



*Mannsalder:*

*F.v. Ola B. Johannessen, Grete Nordrå, Knut Walle, Lisbeth Nilssen, Alex Roald og Kjetil Bang Hansen*

### **Mannsalder**

Jubileumsframсыning i Bjørnsonhuset

Regi: Carl Morten Amundsen

Scenografi: Arne Nøst

Konferansier: Erik Hattrem

Med: Ola B. Johannessen, Randolph Walderhaug, Bjarthe Hjelmeland, Thorir Sæmundsson, Vivi Sunde, Siren Jørgensen, Are Rødsand, Gøril Haukebø, Pål Rønning, Ane Dahl Torp, Wenche Foss, Kjetil Bang-Hansen, Knut Walle, Grete Nordrå, Eivind Hjelmtveit, Nils Vogt og Hall Guttelvik

Musikarar: Arne Nøst, Ola Kvernberg, Heine Bugge, Steinar Raknes og Geir Svinset

3. november  
Totalt 1 framсыning



*Nittehundre: Randolph Walderhaug*

### **Nittehundre**

av Alessandro Barrico

Omsett av Birgit Owe Svihus

Regi: Carl Morten Amundsen

Med: Randolph Walderhaug

Teknikar: Svein Larsen

Premiere 12. desember

Totalt 3 framсыningar



Bjørn D.: Pål Rønning.  
Frå ei framсыning på Bergmopruker i Molde.

### **Bjørn D.**

av Bjørnar Teigen

Med: Pål Rønning

Totalt 7 framсыningar



... barnlige lyst

### **...og barnlige lyst...**

Ope hus med samansette program for barn og familiar. Juleverkstad og ulike aktivitetar.

Totalt 3 framсыningar

### **Kaféteater og andre arrangement**

12. januar

Program med Jon Poindexter

26. januar

"Stum" Program med Samir Zedan

9. februar

Jazzkonsert med lærarar frå Molde Musikksskole

9. mars

"Hva mine øyne har sett" ved Eva Mørkeset

6. april

"Toba tek singh" ved Toni Usman og Pål Rønning

13. april

"Musikalsk lek" ved Operaen i Kristiansund

4. mai

Molde Messingkvintett ved Ole J.

Torkildsen og Gøril Haukebø

11. mai

"Noen tanker" ved Sophia Kaushal, Preeti Kaushal og Jon Poindexter

1. juni

"Vorspiel til 30. årsfesten" ved Carl Morten Amundsen og Kjetil Bang-Hansen

31. august

"Debutantene" ved Siren Jørgensen og Thorir Sæmundsson

14. september

"I begynnelsen var Ordet" ved Carl Morten Amundsen og Odd Bondevik

12. oktober

"Mildt regn" program om Haldis Moren Vesaas ved Gøril Haukebø

26. oktober

Program fra Operaen i Kristiansund

9. november

"Prinsessen som ikke ville sove" ved Inger Bakke og Anett Solevåg

23. november

Program ved Pål Rønning

30. november

"... og barnlige lyst"

7. desember

"... og barnlige lyst"

14. desember

"... og barnlige lyst"

## AMATØRTEATERDRIFTA - KURSAVDELING

Amatørteateravdelinga har hatt redusert aktivitet grunna sjukdom.

Teatret driv utleige av kostyme, rekvisitar, lysutstyr og manuskript.

### Høgskuletilbud og kursverksemda

Teatret Vårt, Norsk Kulturskoleråd og Høgskolen i Volda starta hausten 2002 eit 10-vektall studium i teater og drama.

Undervisninga har vore retta spesielt mot lærarar i kulturskulane og har gått føre seg i teatret sine lokale. Studie har for tida 14 studentar. Det har vore halde 6 helgesamlingar i 2002, og teatret har stått for ein stor del av den praktiske undervisninga.

Teatret Vårt var fagleg ansvarleg for kursa under Gapskrattfestivalen i Tresfjord sommaren 2002.

Det vart avvikla kurs i teater og drama for beboarane ved Veksthuset i Møre og Romsdal.

### Sinclairspelet i Rauma

Teatret Vårt var kunstnarleg ansvarleg for Sinclairspelet i Rauma. Teatret knytta til seg instruktør, scenograf og profesjonelle skodespelarar. Sinclairspelet blei gjennomført for fyrste gong og involverte meir enn hundre lokale medverkande. Spelet trekte meir enn 3000 tilskodarar.

Fleire av teatret sine tilsette har i 2002 arbeid med lokale amatørgrupper, spel med meir.

### Annual Meeting

Ein klasse frå Fagerlia vidaregåande skole i Ålesund var Teatret Vårt sine deltakarar på ungdomsmønstringa i Frankfurt Oder i Tyskland i oktober. Tema for mønstringa var kjærleik. Dei viste og si Ibsen-framsyning for ungdommar frå heile Europa.

### Omlegging av amatørteateravdelinga

Styret i teatret fatta vedtak om å opprette ei eining for teaterpedagogikk og formidling hausten 2002. Stillinga som amatørteaterleiar blei lyst ut som teaterformidlar/teaterpedagog. Denne eininga skal leggje tilrette for formidlingsarbeidet i første rekke for barn og unge. I tillegg til arbeid retta inn mot skulane vil ein også ta vare på mykje fleire av dei oppgåvene amatørteateravdelinga hadde.

## PERSONALET PÅ TEATRET VÅRT 2002

### Skodespelarar:

Randolf Walderhaug	fast tilsett
Vivi Sunde	fast tilsett
Gøril Haukebø	fast tilsett
Samir Ibrahim Zedan	01.01. – 30.06.
Jon Poindexter	01.01. – 30.06
Sophia Kausal	01.01. – 30.06
Kari Reigstad	01.01. – 30.06
Tony Usman	01.01. – 30.06
Thorir Sæmundsson	29.07. –
Siren Jørgensen	29.07. –
Mads Ousdal	- 30.04
Ola B. Johannessen	29.07 – 30.11.
Aksel Hennie	- 30.04.
Bjørnar Teigen	01.11. -
Pål Rønning	(siviltj.pl.)/19.10.-

### Teknisk:

Bjørn Kalvatvik	inspisient
Mathias Hammerø	verkstad
Finn Landsperg	lysmester
Svein Larsen	scenemester
Bergliot Rørvik	rekvisitør
Åshild Mjåseth	leiar systove
Gerd Austnes	systove
Øyvind Woldstad	siviltj.pl.
Christian Andre Mentzoni	01.01 – 31.12
Knut Kalberg	5.8 – 31.12
Christina Johannessen	- 23.03

### Administrasjon:

Carl Morten Amundsen	teatersjef
Knut Lidvard Høgset	adm.sjef
Halvard Fiksdal	produsent/prod. tekn. leiar
Borghild Rosvoll	salsleiar
Eldrid Karin Larsen	amatørteaterleiar – 01.08.
Rolf-Inge Pedersen	informasjonsleiar
Mette Mjelve	kurskoordinator (20/40% stilling) – 30.06.
Mary Farstad	adm.konsulent
Evy Johannessen	adm.sekretær
Oddbjørg Heggdal	bill.sekretær (20% st.)
Rune Digernes	bill.sekretær (20% st.)
Kristian Lykkeslet Strømskag	1.4 - 15.11 (50% st)

Totalt faste/deltidstilsette 93



# Teatret Vårt

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon 71 24 02 80 - E-post: [post@teatretvart.no](mailto:post@teatretvart.no) - Internet: [www.teatretvart.no](http://www.teatretvart.no)